



Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
P.B. 8007 Dep.
0030 OSLO

Landbruks- og matdepartementet		
2005	1753	32
S. 02.01.01 ASR/		ASRL
IEK	161	

Vår ref.
03/2662-8 K2-V70, K3-&00 HAOM

Deres ref.

Dato:
07.12.2005

Ny forskrift om skogfond - Høringuttale

Det visast til høyringsbrev av 28. oktober 2005.

Generelt er det positivt med ei forskrift som erstattar 5 tidlegare forskrifter. Det er i det store og heile heller ingen merknader til dei forenklingar og endringar som er føreslått.

Eg har likevel nokre kommentarar:

§ 2-1 Plikt til å setje av til skogfond

I dag er det som kjent nokre større skogeigarar som er fritatt for å avsette skogavgift. Dei bidreg dermed heller ikkje med rentemidlar til ålmen nytte. Har departementet gjort seg tankar om denne ordninga bør fortsette? Eg antek at dersom ordninga skal halde fram kan det gjerast med tilvisning til dispensasjonsheimelen i § 5-6, men det hadde kanskje vori betre om høve til denne type unntak vart gjeven i denne paragrafen.

Dersom det ikkje skal gjevast fritak for innbetaling til skogfond treng vel ikkje paragrafen endrast, men det trengst ei presisering/orientering i ei eller anna form får departementet og melding til dei involverte. Nome kommune vil råd til at denne særordninga blir avskaffa.

§ 2-3 Plikt til å betale inn til skogfond

Her er det nytta nesten same ordlyd som for § 2-1. Dette er uheldig og kan til dømes endrast til: "Reglar for å betale inn til skogfond" eller bærre "Innbetaling til skogfond"

§ 3-2 Nærmare om utbetaling


Det har kome eit nytt 3. ledd som er litt uklårt. Kva meinast med utgangen av kalenderåret etter at investeringane er gjennomførte? Eg meiner og trur det er meint at det skal vera same frist som i 1. ledd. Noko anna vil vera komplisert og vanskeleg å halde kontroll med. Eg ser difor ikkje trong til å ha 3. ledd eller så bør det i alle fall nyttast same formulering som i 1. ledd "seinast 1 – ett – år frå utgangen av det kalenderår investeringa blei gjort".

§ 4-1 Bruk av rentene av skogfond.

Slik eg tolkar utkastet vil det ikkje vera høve til å kjøpe inn mindre teknisk utstyr, til dømes plantereiskap for utlån til skogeigarar, gjeva tilskot til anlegg for sikringsradio, brannvern o.l. Dette meiner eg burde vori med som lovlege formål, særleg det fyrstenemnde.

Dersom departementets meinar at dei formåla som er nemnde i utkastet ikkje er uttømmende og såleis vil kunne dekke de dømer eg nemner, er vel det greit, men då bør det kome eit rundskriv som gjev nærmare presiseringar.

Med hilsen


Harald Omnes
skogbrukssjef